



Vår saksbehandler  
Bjarne Nes – tlf 57 65 51 49  
E-post: bn@fmsf.no

Vår dato  
10.01.2006  
Dykkar dato

Vår referanse  
2004/4657 - 19/461.3 A  
Dykkar referanse

Norwegian Sandstone Export AS  
Strandgata 52/54  
6900 Florø

## Norwegian Sandstone Export AS - Utsleppsløyve for steinbrot på Seljestokken i Flora kommune

Vi viser til søknad om utsleppsløyve etter ureiningslova for nytt steinbrot på Seljestokken i Flora kommune. Søknaden er datert 12.07.2004 og sendt over av Norconsult Bergen på vegner av tiltakshavar Norwegian Sandstone Export AS ved Heinz Hertig.

### Orientering om saka

Søknaden byggjer på planane om å etablere steinbrot med anlegg for knusing, vasking, sortering og mellomlagring av produkt, og med hamneanlegg for utskipping. Produkta skal nyttast til asfaltproduksjon i Europa. Det er søkt på grunnlag av ein årleg produksjon på inntil 1,5 mill. tonn pr. år, og med ei driftstid fram til 2099. Utbygging og drift ved anlegget vil skje i fleire fasar.

Flora kommune vedtok reguleringsplan for området i møte den 15.12.2004, jf. bystyresak 173/04. På grunn av at Riksantikvaren fremja motsegn mot framlegget til reguleringsplanen, vart saka oversendt Miljøverndepartementet til endeleg avgjerd. Departementet stadfesta i brev datert 19.07.2005 Flora kommune sitt vedtak om reguleringsplanen.

Det er vidare utarbeidd konsekvensutgreiing for tiltaket etter Plan- og bygningslova sitt kapittel VII-a. Denne er godkjent, jf. Sluttdokument frå Bergvesenet datert 13.10.2004. Konsekvensutgreiinga m/tilhøyrande Sluttdokument, reguleringsplanen, søknadsdokumentet og innkomne merknader/fråsegner, er grunnlaget for denne handsaminga av søknaden om utsleppsløyve.

Etter avgjerda i Miljøverndepartementet kan Fylkesmannen slutføre handsaminga av søknaden.

### Førehandsvarsling av søknaden og innkomne merknader

Søknaden har vore førehandsvarsla til partar i saka og til ålmenta i samsvar med kapittel 36 i "Forskrift om begrensning av forurensning (Forurensningsforskriften)". Partane har vore direkte tilskrivne, og ålmenta er gjort kjent med søknaden gjennom kunngjering i pressa. Søknaden har vore lagt ut til gjennomsyn ved tenestetorget i Flora kommune og ved Årebrot skule i tida 25.08. – 08.10.2004.

Det har kome inn 10 merknader/høyringsfråsegner:

Sogn og Fjordane fylkeskommune, Regionalavdelinga uttaler seg ikkje om søknaden men viser til Fylkesmannen si handsaming av saka.

Statens vegvesen har ingen merknader til søknaden.

Fiskeridirektoratet Region Vest føreset at utslepp av steinstøv og konsekvensane for fisk blir teke alvorleg i oppstartfasen og ved seinare drift av anlegget, og at steinmassar blir deponert på land og ikkje i sjøen. Vidare blir det gjort merksam på eit matfiskanlegg lokalisert ved Kvalvik/Sunnarvåg, og at det må takast kontakt direkte med eigarane av dette anlegget.

Kystverket gjer merksam på at det må søkjast til Kystverket Vest ved ev. utlegging av røyrleidning for utslepp til sjø.

Bergvesenet viser til at Sluttdokumentet for behandling av konsekvensutgreiinga vil innehalde moment som er relevante i samband med vurdering av utsleppsløyvet.

Otto Ullevålseter har merknad til støvflukt og avrenning frå deponia. Han skriv m.a. at ein bør unngå å etablere deponi 2 Djupevikdalen. Elles viser han til erfaringane frå Dyrstad med støy frå hjelpemotorane på skip under lasting som kan bli ulempe for busetnad på Solheim. Han har òg merknad til støy i området ved Djupevikdalen på grunn av ekkoverknad.

Sogn og Fjordane Turlag sin uttale omhandlar i første rekkje driftstid, støy og støv. I uttalen blir det vist til at søknaden på fleire punkt er uklar og sjølvmotseiande. Særleg gjeld dette søkjar sine opplysningar om driftstider. Vidare blir det hevda at støyopplysningane er for dårlege, og at det vil bli plagsom støy over heile Årebrotområdet. Sogn og Fjordane Turlag kjem vidare med framlegg til tiltak/krav for å redusere støy. Dette går m.a. på å avgrense driftstider, bygging/utviding av støyvollar og plassering av knuseverk og sikteanlegg. Turlaget tek òg opp problem med støv og støvflukt og hevdar at opplysningar i søknaden er misvisande. Det blir gjort framlegg om tiltak som skjerming og tildekking av produksjonsanlegg, lager og støvdeponi.

Gisle Gulestø har merknad om faren for ureining av lokale vassdrag frå sedimenteringsanlegg for deponia, og meiner det er miljømessig minst risikabelt å leie avrenningsvatnet mot sjøen.

Botnane og Årebrot Grendalag uttalar at ulempene med avrenning kun må ramme dei som får økonomiske godtgjering frå steinbrotet og at naboar utan økonomiske fordelar bør skånast for støy.

Flora kommune skriv m.a. at utsleppsløyvet der det er praktisk mogeleg bør knytast opp til eintydige grenseverdier for påverknad på, og tilstand i resipientar. Det bør lagast eit overvakinssystem som kontinuerleg kan verifisere om utsleppsløyve blir følgt. Kommunen har ikkje konkrete merknader til søknaden, men viser til at mange av problemstillingane er vurderte i samband med handsaming av konsekvensutgreiing og reguleringsplan.

Tiltakshavar har kommentert dei einskilte merknadene, jf. oversending frå Norconsult Bergen den 22.10. og 01.11.2004.

## Grunngjeving for avgjerda

Som nemnt i innleiinga ligg det føre godkjend reguleringsplan for området og godkjend konsekvensutgreiing for tiltaket. Den arealmessige disponeringa og rammene for drifta er med det avklart. Utbygging og drift av steinbrotet har eit langsiktig perspektiv – nærare 100 år. Dei ulike fasane som anlegget skal gjennom er omtalt i dei nemnde plandokumenta og i søknaden.

I følge opplysningane frå tiltakshavar er anleggs- og etableringsfasen rekna til om lag 3 år. Dei første 12 – 15 månadene skal driftsområde og utskipingsanlegg byggjast ut. Etter det vil produksjon og eksport av steinmassane kunne ta til. Vilråa i dette løyvet gjeld fullt ut i driftsfasen, jf. punkt 0 i utsleppsløyvet. Dvs når verksemda startar med produksjon av varer for utskipping. Utbygging av anlegget (dvs. den midlertidige anleggsdrifta) kan skje utan særskilt løyve, jf. § 8, 1. ledd nr. 3 i ureiningslova. Tiltakshavar har likevel ei sjølvstendig plikt til å gjennomføre anleggsdrifta i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, og på ein slik måte at aktiviteten ikkje blir til særleg skade eller ulempe for omgivnadene. Jf. òg ”Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442), kapittel 4 – Retningslinjer for begrensning av støy fra bygg- og anleggsvirksomhet”.

Fylkesmannen er kjend med at det for denne typen verksemder kan bli ein ”glidande” overgang mellom anleggsfase og driftsfase. For eksempel ved at det kan bli behov for noko utskipping av knust masse før alle permanente teknisk anlegg er på plass slik som føresett i utsleppsløyvet. Dette kan m.a. vere nødvendig for å få sprengt plass til det store sedimenteringsbassenget i driftsområdet til reinsing av avløpsvatn. I utgangspunktet gjeld vilråa for løyvet, men tidspunkt for etablering av dette bassenget kan endeleg avklarast i ein plan som tiltakshavar legg fram for Fylkesmannen innan anleggsstart. Her kan ev. andre midlertidige løysingar òg omtalast. Vi legg elles til grunn at tiltakshavar i nødvendig grad avklarar praktiske spørsmål med Fylkesmannen.

Ved handsaming av søknaden har vi vurdert og sett vilkår i høve til verksemda sine utslepp av prosessavløp (dvs. slamhaldig og ev. oljehaldig avløp frå driftsområde, lager og deponi), utslepp til luft (støv), støy og avfallshandtering. Utslepp av sanitært avløpsvatn frå busetnad, kontor, brakkerigg og liknande ligg under kommunen sitt myndigheitsområde og er ikkje meir omtalt her. Vi føreset at nødvendige løyve blir innhenta frå Flora kommune.

Erfaring frå andre liknande verksemder viser at det er store utfordringar med omsyn til å få kontroll med og reinse slamhaldig prosessavløp, dvs. avløpsvatn som m.a. inneheld steinstøv. Ved anlegget på Seljestokken vil det oppstå slamhaldig avløpsvatn frå uttaksområdet (sjølv steinbrotet), driftsområde med knuse- og sikteverk, vaskeanlegg og lagerområde, utskipingsområde og interne vegar. Vidare vil det kunne bli avrenning frå dei planlagde deponia for finmasse (utskilt fraksjon 0 – 2 mm) og lager for avdekkingsmasse. Det er òg problemstillingar knytt til støvflukt og avrenning til vassdrag og sjø som dei fleste høyringspartane har hatt merknader til.

Nedanfor har vi gitt nærare omtale til dei mest aktuelle problemområda:

Støy og driftstid: Kilde Akustikk as har utført støyutrekningar for ulike fasar ved verksemda. Resultata er vist m.a. som støykote for 40 dBA ekvivalent støynivå i område omkring anlegget, og ekvivalent støynivå og maksimalt støynivå for busetnad/fritidshus i områda Seljestokken, Solberg, Sunnarvåg og Gåsøy. Resultata er samanlikna med rettleiande grenseverdier i Retningsline TA-506. Generelt er støypåverknaden på busetnad/fritidshus størst i dei første fasane av drifta, medan områda aust for anlegget (Husefestvatnet og

områda omkring) vil bli mest påverka i seinare driftsfasar. I høve til busetnaden vil lydnivået vere under grenseverdiane på dagtid, men ved kveldsdrift (og særleg ved ev. nattdrift) vil grenseverdiane bli overskridne.

Det blir gitt løyve til at det under den første driftstida kan skje med ei viss overskriding av dei nemnde grenseverdiane på kveldstid, men det vert sett krav om tiltak (bygging av støyvoll) for å redusere lydnivået ved busetnaden på Solberg. Det blir føresett at dette tiltaket kjem på plass så tidleg som mogeleg, og det er kravd at ein tidsplan for bygging av denne vert lagd fram innan anleggsstart. Det er òg føresett målingar av lydnivå etter at drifta har kome i gang, og tiltakshavar må førebu seg på at det kan bli sett krav om ytterlegare tiltak som for eksempel innebygging av knuse- og sikteverk, flytting av finknuser inn i uttaksområdet, eller anna støyskjerming for å redusere støypåverknaden til omgivnadene. Dette løyvet opnar ikkje for nattdrift ved anlegget, utover nødvendig aktivitet i samband med lasting av skip. Driftstidene er elles som for andre tilsvarande verksemder.

Støy frå hjelpemotorar under lasting om natta er nemnt i merknad til søknaden. Spørsmålet om å snu båtane slik at støykjelda vender bort frå dei mest støyutsette husa er noko som tiltakshavar må få vurdert, og gjennomføre dersom maritime omsyn og tryggleikssynsna elles tillet det.

Det vert også føresett at verksemda arbeider aktivt for å halde seg under dei generelle grenseverdiane for støy som går fram av TA-506, og for at støyulempene for omgivnadene blir minst mogeleg. Det må her merkast at støyen frå aktiviteten i steinbrotet av enkelte kan opplevast som generande sjølv om grenseverdiane ikkje blir overskridne. Dette vil gjerne vere tilfelle i område som tidlegare har vore stille.

Støvflukt: Utslepp av støv til omgivnadene vil variere sterkt med nedbør og vindtilhøve. I følge rapport frå Meteorologisk institutt er det minst nedbør i sommarmånadene. Då er dominerande vindretning frå nordvest og nord, noko som betyr at områda sør og søraust for steinbrotet blir mest utsett ved ev. støvflukt. Dette løyvet føreset tiltak som støvoppsamling ved boring, effektiv vatning i tørre periodar, skjerming av produksjon, lager og transportband, og effektiv tildekking av deponi. Det er i ein av merknadene gjort framlegg om at lagring av ferdige produkt må skje i tette siloar og ikkje i opne bingar. Det er ikkje sett krav om dette i løyvet, men føreset at det blir sett i verk effektive tiltak for å hindre støvflukt også frå produktlageret. Eit ev. framtidig vilkår om innebygging av knuse- og sikteverk vil òg kunne bidra til mindre støvflukt. Det er vidare føresett at verksemda gjennomfører registrering av støvnedfall i område omkring anlegget.

Avrenning/utslepp til vassdrag og sjø: Seljestokken ligg i eit sær sners nedbørsrikt område. Normal årsnedbør er estimert til mellom 2200 og 2400 mm. Også regnintensiteten og døgnnedbøren kan bli sær sners høg, noko som blir dimensjonerande for avløpssystemet og dei reinsetiltaka som skal etablerast. Det er føresett at prosessavløp frå steinbrot og drift-, lagerområde skal samlast opp, reinsast og førast til utslepp i sjøen.

I søknaden har tiltakshavar lagt opp til følgjande tiltak for handtering av overflatevatn:

- Overflatevatn frå driftsområde inkl. vaskeprosess, mellomlager og frå steinbrotet skal etter reinsing i sedimenteringstankar, leiast til utslepp på ca -20 meter i sjøen. Installasjon av eige flokkuleringsutstyr vil bli vurdert dersom det oppstår synlege problem med vatn som vert slept ut til sjøen.

- Ein del av det vatnet som vert samla og reinsa i sedimenteringsanlegg i driftsområdet skal resirkulerast og brukast i produksjonsprosessen (vasking m.m.).
- Sigevatn frå deponia skal samlast i eigne sedimenteringsdammar for klaring før det vert slept ut til lokale ferskvassresipientar.

Tiltakshavar har gjort ei vurdering med omsyn til utforming og dimensjonering av sedimenteringsbassenga, både ut frå ønska opphaldstid og nødvendig tilgang til prosessvatn. Det er konkludert med bygging av eit sedimenteringsanlegg med eit volum på 10.000 m<sup>3</sup>.

Sedimenteringsdammar med tilsvarende volum er føresett brukt til reinsing av sigevatn frå deponia, før utslepp til lokale vassdrag (Sunnarvikvassdraget, Husefestvatnet og Breivikvassdraget).

Dette løyvet er gitt på grunnlag av dei planane som er vist i søknaden m/vedlegg. Dvs. at det må etablerast eit sedimenteringsanlegg med effektivt volum på minst 10.000 m<sup>3</sup>. Vi har i tillegg føresett at vatnet skal ha ei opphaldstid i sedimenteringsbassenget på 10 timar, rekna på grunnlag av ein maksimal døgnnedbør med ein returperiode på 5 år. Ut frå dei opplysningane som er lagt ved søknaden, vil dette sedimenteringsanlegget kunne handtere avløpsvatn frå driftsområde og uttaksområde A, dvs. i ein driftsperiode på om lag 15 år. Etter ei så lang tid vil det etter vårt syn i alle høve vere nødvendig med ei ny vurdering av reinsetiltaka.

Alt ureina overflatevatn og prosessvatn frå driftsområde med vaskeanlegg og lager, frå sjølve uttaksområdet og frå interne transportvegar skal leiast til dette sedimenteringsanlegget før det blir slept ut på djupt vatn i sjøen. Det er ein føresetnad at reinsa vatn så langt råd skal resirkulerast og nyttast i vaskeanlegget. For å kontrollere effekten av reinseprosessen, og for å få dokumentasjon på kor store utsleppa faktisk er, er det sett krav til prøvetaking av reinsa avløpsvatn. Det er òg sett krav til overvaking av sjøområdet for å kartleggje om utsleppet får følgjer for miljø- og brukarinteresser. Vi viser her òg til merknaden frå Fiskeridirektoratet Region Vest om matfiskanlegg lokalisert ved Kvalvik/Sunnarvåg.

Tiltakshavar må førebu seg på at det kan bli sett andre og konkrete utsleppskrav til verksemda, for eksempel grense for konsentrasjon av faststoff i utsleppet. Dette kan føre til behov for ytterlegare reinsetiltak. Det kan òg nemnast at det på sentralt hald blir arbeidd med ei industriforskrift som kan bli gjort gjeldande også for denne verksemda.

Det har kome merknader til planane om å la avrenning frå deponia drenere mot vassdraga. Ein merknad går m.a. på at ein ikkje bør etablere deponi i Djupevikdalen nord for å unngå avrenning mot Breivika. Tiltakshavar opplyser at det blir arbeidd med alternativ som kan redusere trongen for dette deponiet, men kan likevel ikkje sjå bort frå at det kan bli nødvendig med ei mellombels deponi i Djupevikdalen. Med utgangspunkt i dei tiltaka som er planlagt, har Fylkesmannen gitt løyve til å la avrenning frå deponia drenere mot vassdraga slik som omsøkt. Føresetnaden er at det vert gjort tiltak for å avgrense partikkelavrenninga og at det blir etablert effektive reinsetiltak før vatnet vert ført ut i vassdraga. Det er òg sett krav til overvaking av vassdraga for å avdekke om avrenninga får negative følgjer for miljø- og brukarinteresser. Vi er samde i at vassdraga er meir sårbare for slike utslepp enn ein god sjøresipient, men med dei nemnde tiltaka vil slamtilførsel frå deponia etter vår vurdering bli vesentleg mindre enn frå uttaks- og driftsområdet. Tiltakshavar må likevel førebu seg på at også dette avløpet kan bli kravd ført til utslepp i sjøen dersom overvakinga viser vesentlege negative konsekvensar for vassdraga.

## AVSLUTTANDE REGLAR OG INFORMASJON

**A) Endring eller attendekalling av løyvet**

Med heimel i § 18 i ureiningslova kan Fylkesmannen gjere om eller setje nye vilkår i løyvet. Fylkesmannen kan om nødvendig kalle heile løyvet attende. Brot på føresetnadene for løyvet kan føre til revurdering av løyvet.

**B) Tilsyn og ansvar**

Fylkesmannen eller den han gir fullmakt, skal til ei kvar tid ha tilgang til alle delar av anlegget, journalar, rekneskap, interne vedtak, m.m. for tilsyn og kontroll, jf. §§ 48 - 50 i ureiningslova.

Drifts- og vedlikehaldsrutinar skal leggjast opp slik at ein til ei kvar tid har oversyn over anlegget og prosessane sine funksjonar og effektar. Ajourført informasjon skal når som helst, og utan ugrunna opphald kunne oppgjevast til kontrollør.

Den som har fått utsleppsløyve er ansvarleg for at anlegget vert halde vedlike og drive slik at det til ei kvar tid svarar til formålet, vilkåra i løyvet og reglane i ureiningslovgivinga.

Den som har fått løyve kan verte pålagt å koste og/eller delta i overvaking og/eller gransking av resipienten (vatn, jord og luft), jf. §§ 16 og 51 i ureiningslova. Dette løyvet fritar ikkje søkjaren for å hente inn løyve for andre sider av verksemda som t.d. arbeidsmiljø, helse- og landbrukslovgivinga.

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som ureinar å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og vanlege erstatningsreglar, jf. kap. 8 og § 10 i ureiningslova.

**C) Om internkontroll**

Alle verksemdar som sysselset arbeidstakar, er pliktige til å ha eit internkontrollsystem som sikrar at lover og reglar innan helse, miljø og tryggleik vert følgd (jf. § 52 b i ureiningslova og "Internkontrollforskrifta", seinast endra 06.12.1996).

**D) Om bruk av kjemikaliar, substitusjonsplikt**

Innsatsstoff (kjemikaliar og råstoff) som på grunn av eigenskapar og bruk kan føre til skade på helse og miljø, skal så langt råd erstattast med alternativ som gjev mindre risiko for slik skade. Som ein del av internkontrollen skal det gjerast ei systematisk vurdering av dei innsatsstoffa som blir brukte med omsyn til fare for skadelege effektar.

**E) Tvangsmulkt, straff**

Med heimel i § 73 i ureiningslova kan Fylkesmannen fastsetje tvangsmulkt til staten for å sikre at tiltak og vilkår vert gjennomførde i samsvar med løyvet.

Brot på dette løyvet, eller pålegg i tilknytning til løyvet, er straffbart etter ureiningslova, jf. kap. 10, dersom tilhøva ikkje vert råka av strengare strafferammer.

**F) Om klageretten**

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda innan 3 veker etter at avgjerda vart motteken. Eventuell klage bør grunngjevast og skal rettast til Statens forurensningstilsyn (SFT). Klagen skal sendast om Fylkesmannen som kan ta klagen heilt eller delvis til følge eller sende den til SFT til endeleg avgjerd.

**G) Offentleggjering av løyvet**

Ålmenta skal gjerast kjend med vedtaket, jf. § 36-11 i "Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)"; kapittel 36 "Behandling av tillatelser etter forurensningsloven". Den som har fått løyvet skal så snart som råd kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta, og opplysningar om klageinstans og frist for ev. klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringstekst skal sendast til Fylkesmannen.

Med helsing

Gøsta Hagenlund  
Assisterande fylkesmiljøvernssjef

Bjarne Nes  
Senioringeniør

Vedlegg: Utsleppsløyve m/vilkår

Kopi m/vedlegg: Flora kommune, Postboks 13, 6901 Florø  
Statens forurensningstilsyn, Postboks 8100 Dep, 0032 Oslo  
Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger  
Fiskeridirektoratet Region vest, Postboks L, 6701 Måløy  
Kystverket Vest, Postboks 466, 5501 Haugesund  
Bergvesenet, Postboks 3021 Lade, 7471 Trondheim  
Otto Ullevålseter, Maridalen, 0890 Oslo  
Sogn og Fjordane Turlag, Postboks 10, 6801 Førde  
Gisle Gulestø, Rustadgata 84, 3186 Horten  
Botnane og Årebrot Grendalag v/Elisabeth Ruud Nordbotten, Botnane,  
6723 Svelgen

## Utsleppsløyve

for

### Norwegian Sandstone Export AS

#### Steinbrot og knuseverk m.m på Seljestokken i Flora kommune

Utsleppsløyvet er gitt av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med heimel i Lov om vern mot forurensninger og om avfall av 13. mars 1981 nr 6, § 11, jf § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av søknad datert 12.07.2004. Vilkår for etablering og drift av anlegget går fram på sidene 2 - 6 i dette skrivet. Jf. òg grunngevinga for avgjerda som går fram av oversendingsbrev. Dersom verksemda ønskjer å gjere endringar i drifta i høve dei opplysningane som er gitt i søknaden eller under sakshandsaminga, som for eksempel med omsyn på innsatsstoff og produkt, produksjons- eller reinseutstyr, skal dette vere skriftleg avklart med Fylkesmannen på førehand.

Utsleppsløyvet gjeld frå d.d.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 2 år etter at løyvet er gitt, skal verksemda sende melding slik at Fylkesmannen kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

#### Data om verksemda:

Verksemd:	Norwegian Sandstone Export AS	Lokalisering:	Seljestokken
Bransje:	14110 Bryting av stein til bygge- og anleggsvirksomhet	Kommune:	Flora
Postadresse:	Strandgata 52/54	Fylke:	Sogn og Fjordane
Poststad:	6900 Florø		

#### Referanse:

Arkivkode: 04/4657 / 461.3
----------------------------

Løyvet er gitt: 10.01.2006	Endringsnummer:	Endra:
Bjarne Nes Senioringeniør		Gøsta Hagenlund Assisterande fylkesmiljøvernssjef

## 0. Definisjonar

*Anleggsfasen* er tida med bygging av kai-/utskipingsanlegg, etablering av drifts- og lagerområde, interne vegar, reinseanlegg og utsleppsleidningar m.v., fram til driftsfasen.

*Driftsfasen* vert rekna frå det tidspunktet verksemda startar uttak og knusing av stein for levering/eksport. <sup>1</sup>

## 1. Grenser for steinbrot, driftstider, produksjonsmengde

### 1.1 Grenser for steinbrotet

Verksemda har plikt til å halde seg innafor dei grensene som er fastsette i reguleringsplan for Seljestokken steinbrot, Flora kommune.

### 1.2 Produksjonsmengde / ramme for løyvet

Verksemda kan ha ein årleg produksjon på inntil 1,5 mill. tonn knust stein.

### 1.3 Driftstider

Sprenging kan skje dagane måndag – fredag i tidsrommet kl. 07.00 – 18.00. Sprenging til andre tider kan skje i heilt spesielle tilfelle når tryggleikssyn gjer det nødvendig. Anna produksjon, intern transport og ev. transport ut med lastebil kan skje dagane måndag – fredag i tidsrommet kl. 06.00 – 22.00. På laurdagar er det berre tillate med produksjon og transport tidsrommet kl. 06.00 – 13.00. Lasting av båtar kan skje heile døgnet - alle dagar.

Reparasjonar og snøbrøyting m.v. kan likevel utførast utanom den arbeidstida som er nemnt ovafor, dersom det er vesentleg ulempe for verket å vente med dette til normal arbeidstid.

Det skal førast nøyaktig journal over ev. aktivitet utanom ovafor nemnde driftstider. Journalen skal takast vare på i 5 år, og visast for representantar for Fylkesmannen eller andre etatar og instansar som Fylkesmannen gjev fullmakt.

Fylkesmannen kan påleggje vidare avgrensingar i driftstid dersom dette skulle bli nødvendig for å halde støygrensene, jf. punkt 4.1.

## 2. Utslepp til vatn

### 2.1 Prosessavløpsvatn <sup>2</sup>

#### Oppsamling og reinsing

Ureina overflatevatn frå steinbrot, drifts- og lagerområde, transport- og utskipingsområde skal samlast opp og leiast til sedimenteringsbasseng før utslepp. Det skal byggjast sedimenteringsbasseng i samsvar med søknaden, dvs. at anlegget skal ha eit samla, effektivt volum på minimum 10.000 m<sup>3</sup>. Det permanente bassenget skal vere etablert så snart som praktisk mogeleg, og ein tidsplan for bygginga skal leggjast fram for Fylkesmannen innan anleggsstart. Det skal leggjast til grunn at vatnet si opphaldstid i bassenget til ei kvar tid skal vere på minst 10 timar, rekna på grunnlag av ein maksimal døgnedbør med ein returperiode på 5 år.

Sedimenteringsbassenga skal vere utforma slik at ev. olje i avløpet blir samla opp. Dei skal òg vere utforma slik at sedimentert finstoff skal kunne fjernast utan at dette fører til særleg auke i

<sup>1</sup> Sjå òg omtale under ”Grunngjeving for avgjerda” i oversendingsbrevet.

<sup>2</sup> Med prosessvatn er her meint overflatevatn, lekkasjevattn frå fjellet, spyle- og vaskevattn o.l. som blir forureina som følgje av aktiviteten til verksemda.

utslepp til resipienten. Sedimentert slam/finstoff må fjernast tilstrekkeleg ofte slik kravet til opphaldstid blir oppnådd til ei kvar tid.

Prosessavløpsvatn skal etter oppsamling og reinsing leiast til utslepp på minimum 20 meters djup i sjøen, og på ein slik måte at det skjer god innblanding i vassmassane. Før plassering av utsleppsleidning og utsleppsdjup vert bestemt, skal det gjennomførast straummålingar og spreingsutrekningar i resipienten. Utsleppsleidningar skal elles leggjast i samsvar med krav frå Kystverket.

Tilsvarande skal det etablerast tilstrekkeleg dimensjonerte sedimenteringsbasseng i tilknytning til avrenning frå deponi for finstoff og avdekkingsmassar. Etter reinsing kan avrenninga først til næraste vassdrag. Sedimenteringsbassenga skal vere etablert når deponia vert teke i bruk, og dei skal dimensjonerast minst i samsvar med dei opplysningane som er gitt i søknaden, dvs. at effektivt minstevolum skal vere 10.000 m<sup>3</sup>.

#### Prøvetaking

Det skal leggjast til rette for mengdemåling og prøvetakinga av reinsa prosessavløp før utslepp i sjøen. Representative prøver skal takast minst 12 g/år, og desse skal analyserast med omsyn på mengde (konsentrasjon) fast stoff i avløpet. Samla utsleppsmengde av fast stoff skal bereknast.

## **2.2 Tilstand i vassresipient**

### Sjøresipient

Verksemda skal dokumentere at konsentrasjonsnivået av steinstøv i sjøen til ei kvar tid er akseptabel for annan sjøbasert næring i området, og må om nødvendig stoppe aktivitet eller gjennomføre nye tiltak.

Resipienten skal ikkje endre tilstandsklassifisering (jf. Rettleier frå SFT 97:03 "Klassifisering av miljøkvalitet i Fjorder og kystfarvann" – eller nyare utgåve), og skal ikkje ha dårlegare kvalitet enn tilstandsklasse 2.

Areal- og mengdemessig fordeling av sedimentert steinstøv, og utvikling av dette skal dokumenterast.

### Ferskvassresipient

Løyvehavar skal ved overvaking og prøvetaking i vassdraga dokumentere om utsleppa får negative konsekvensar for miljø- og brukarinteresser. Utsleppa skal ikkje føre til endra tilstandsklasse, jf. Rettleiar frå SFT 97:04 "Klassifisering av miljøkvalitet i ferskvann" – eller nyare utgåve.

## **3. Utslepp til luft**

### **3.1 Støvdempande tiltak**

Knusarar, sikt, matarar, transportørar, omlastings- og utlastingspunkt og andre delar av det maskinelle utstyret skal vere slik konstruert at utslepp av støv til omgivnadene blir lite.

Transportband som fører støvande materiale skal vere godt skjerma mot vind. Fritt fall av støvande materiale må avgrensast mest mogeleg.

Boreriggar skal ha støvoppsamling. I tørre periodar skal det sprøytast på vatn for å dempe støv frå boring, sprenging og opplasting.

Opne lager av råvarer og produkt skal så langt råd plasserast slik at dei er godt verna mot vind og støvflukt. I tørre periodar skal knuseverket, lager og transportvegar om nødvendig fuktast med vatn eller strøast med kalsiumklorid eller liknande middel for å unngå støvflukt.<sup>3</sup>

#### 4. Støy

##### 4.1 Støyavgrensing

Verksemnda skal som hovudregel halde seg under dei grenseverdiane for støy til omgivnadene som er vist i tabell 1 nedanfor. Grenseverdiane er gitt for ekvivalent kontinuerleg støynivå i dBA, målt eller utrekna som frittfeltsverdi ved næraste bustad/fritidshus, eller annan bustad/fritidshus som ev. blir meir støyutsett.

Verksemnda sitt bidrag til støy til omgivnadene skal ikkje føre til overskriding av følgjande grenser for ekvivalent kontinuerleg støynivå i dBA, målt eller utrekna som frittfeltsverdi ved næraste bustad/fritidshus, eller annan bustad/fritidshus som eventuelt blir meir støyutsett:

Tabell 1.

Dag	(06.00- 18.00)	50 dB (A)
Kveld	(18.00 – 22.00)	45 dB (A)
Natt	(22.00 – 06.00)	40 dB (A)
Søn- og helgedagar	(06.00 – 22.00)	45 dB (A)

Høgste maksimale lydnivå målt i dBA-fast skal ikkje overstige grenseverdien for ekvivalentnivå med meir enn 10 dBA. Sprenging er unnateke frå desse avgrensingane.

Støygrensene gjeld all støy frå ordinære drift ved verksemnda, inkludert intern transport på verksemnda sitt område og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygge- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemnda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene. Jf. òg punkt 0 Definisjonar og ”Grunngjeving for avgjerda”.

Lasting av skip kan skje til ei kvar tid på døgnet, 7 dagar i veka. Utanom dagtid er det føresett at denne aktiviteten ikkje overstig 45 dBA ekvivalentnivå. Høgste maksimale lydnivå i dBA-fast skal ikkje overstige grenseverdiane for ekvivalentnivået med meir enn 10 dBA.

For støy frå biltransport inn og ut frå verket gjeld elles reglane om vegtrafikkstøy.

##### 4.2 Midlertidig støyavgrensing

I fase 1 og det første året av fase 2 (drift i område A) kan desse grenseverdiane i punkt 4.1 overskridast med inntil 3 dBA på kveldstid ved dei mest støyutsette husa/fritidshusa. I den perioden må det utførast støymålingar som grunnlag for ei ny vurdering av støyreducerande tiltak og/eller fastsetjing av endelege støykrav.

<sup>3</sup> Dersom ovafor nemnde støvdempande tiltak ikkje er nok, vil Fylkesmannen vurdere å stille eitt eller fleire av følgjande krav: a) Støvutslapp frå knusing, sikting og sorteringsanlegg skal reduserast ved hjelp av vatnpåsprøytingsanlegg. Anlegget skal kunne nyttast ned til -10 °C. b) Alt støv frå knusarar og sikt skal sugast av, og lufta skal reinsast slik at støvinnhald blir maksimalt 50 mg pr. normalkubikkmeter, og sleppast ut gjennom ein minst 10 meter høg skorstein. c) Sprengt stein som blir transportert frå brot til knusingsområde skal fuktast eller ev. dekkjast over for å hindre støving. d) Ved lasting i båt skal det vere montert lastestømpe eller liknande for å hindre diffus støving.

### 4.3 Støyreduserande tiltak

Det skal byggjast støyvoll sør for driftsområdet for skjerming mot Solberg. Vollen skal byggjast i samsvar med tilråding frå støyfagleg konsulent, og skal vere tilstrekkeleg høg til å gje maksimal støydempande effekt ved eksisterande hus/fritidshus. Tidsplan for ferdigstilling av støyvollen skal leggjast fram for Fylkesmannen innan anleggsstart.

Plassering av båt under lasting skal vurderast ut frå kva som gjev minst støy for busetnad/fritidshus. Dette under føresetnad at også tryggleiken er ivareteken.

Andre støydempande tiltak kan bli kravd dersom Fylkesmannen finn dette nødvendig ut frå støymålingar etter at produksjonen har kome i gang.<sup>4</sup>

### 4.4 Varsel om sprenging

Dersom heilt ekstraordinære tilhøve gjer det nødvendig å sprengje utanom det normalt tillatne tidspunktet for sprenging, skal alle innafor ein avstand på 300 meter varslast ved personleg besøk eller pr. telefon. Opplysningar om sprenginga og varslinga skal journalførast.

## 5. Avfall

### 5.1 Farleg avfall

Farleg avfall skal mellomlagrast på ein forsvarleg måte, og skal leverast attende til leverandøren, eller til andre godkjende mottakarar. Jf. "Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)", kapittel 11 - Farlig avfall.

Journal med deklarasjonsskjema skal takast vare på ved anlegget i minst 5 år, og må vere tilgjengeleg ved kontroll.

### 5.2 Anna avfall

Anna avfall (unnateke stein- og jordmassar) skal leverast til godkjent mottak eller innsamlingsordning. Verksemda skal leggje vekt på å redusere avfallsmengda og levere mest mogeleg avfall til ombruk og gjenvinning.

Brenning og nedgraving av avfall er ikkje tillate.

Finstoff/slam (steinstøv) som er utskilt ved boring eller frå reinsing av prosessavløpsvatn skal takast vare på og lagrast/deponerast på deponi fastlagde i reguleringsplanen, og på ein slik måte at det ikkje fører til vesentleg utslepp til luft (støvutslepp) eller avrenning av slam til vassdrag eller sjø. (Krav om tiltak for å redusere avrenning frå deponia går fram av punkt 2.1).

## 6. Granskingar og utgreiingar

### 6.1 Gransking av utslepp til vatn eller luft

Verksemda må utføre eller koste granskingar og utgreiingar av utslepp til vatn eller luft som det er sett vilkår om i dette løyvet. Innan 3 månader etter at løyvet er motteke, skal verksemda utarbeide og sende inn til Fylkesmannen ein plan for prøvetaking og gransking/overvaking.

Fylkesmannen kan krevje at verksemda utfører eller kostar andre granskingar og utgreiingar som Fylkesmannen finn nødvendige for å få kartlagt utslepp til vatn eller luft frå verksemda.

---

<sup>4</sup> Aktuelle tiltak kan vere innebygging av knusarar og sikteverk, og flytting av all knusing inn i uttaksområdet.

## 6.2 Gransking av støy

Verksemda skal utføre støyimmisjonsmålingar ved dei mest støyutsette bustad- og fritidshus i området.<sup>5</sup> Første måling skal gjennomførast så snart produksjonen er i gang. Dvs. når knuse- og sikteverk og vaskeanlegg er i drift, og utskipping har teke til. Det skal då gjerast målingar under følgjande driftssituasjonar:

- Ved vanleg drift med boring, knusing, sikting, vasking, opplasting/intern transport av produkt.
- Ved lasting av båt.

Ny måleserie skal gjennomførast i løpet av det første driftsåret under fase 2, jf. òg punkt 4.1.

Målingane skal utførast av kvalifisert støyfagleg konsulent. Fylkesmannen skal før målingane tek til vere orientert om val av konsulent og opplegg for målingane.

## 7. Andre vilkår

### 7.1 Beredskap og varsling ved akutte utslepp

Den som driv verksemd som kan føre til akutt ureining, skal syte for nødvendig beredskap for å hindre, stanse, fjerne og avgrense verknad av utsleppet. Beredskapen skal byggje på ein systematisk gjennomgang av alle verksemda sine aktivitetar som kan føre til ureining.

Ved akutt ureining eller fare for ureining, skal den ansvarlige straks varsle brannvesenet i kommunen i samsvar med varslingsforskrifta.<sup>6</sup>

Fylkesmannen skal så snart som mogeleg varslast skriftleg dersom det oppstår unormale forhold og uhell innafør dei områda som løyvet omhandlar.

### 7.2 Eigarskifte, namneendring eller nedlegging

Ved eigarskifte, namneendring eller nedlegging av verksemda skal det straks gjevast melding til Fylkesmannen. Før eventuell ny oppstart skal det gjevast melding til Fylkesmannen. Fylkesmannen vil då avgjere om det skal gjennomførast tiltak før oppstart eller setjast andre vilkår for drifta.

I tilfelle nedlegging/driftsstans har vart i meir enn 2 år, vil Fylkesmannen avgjere om det må søkjast om nytt utsleppsløyve før drifta kan starte opp att, jf. § 20 i ureiningslova.

### 7.3 Opprydding, økonomisk garanti

Verksemda plikter å halde området ryddig. Ved nedlegging eller driftsstans, pliktar verksemda å rydde opp på det området som verksemda har nytta. Avfall og anna lausøyre må leverast til godkjent mottak. Farleg avfall skal leverast til godkjent mottak, og det må stillast økonomiske garantiar for opprydding av ev. farleg avfall og ureina grunn ved ein ev. driftsstans ut over 3 månader.

Type og omfang av økonomisk garanti skal leggjast fram for Fylkesmannen til godkjenning.

<sup>5</sup> Fylkesmannen kan krevje at det blir utført støyimmisjonsmålingar også ved andre målepunkt i området.

<sup>6</sup> "Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning".